
Fra: Sveinung Kvamme
Sendt: 12. mai 2015 08:57
Til: RA-Leiarar
Emne: Budsjett 2015 - frysing av fondsmidlar

Viktighet: Høy

Frå fylkesmannen i Hordaland har vi fått melding om at inntektene i budsjettet for 2015 må reduserast med ca 1,7 mill, fordi skatteinngangen vert lågare enn føresett. I tillegg er utgangspunktet for budsjett 2015 svært stramt. Dette betyr at vi står overfor innsparingar i drifta alt i år.

Rekneskapan for 2014 syner eit meirforbruk i drifta på ca 4,6 mill. Kommunestyret skal godkjenna rekneskapan for 2014 i møte i juni, og dei kan bestemma at meirforbruket frå 2014 skal dekkast av fondsmidlar. Om ein ikkje nyttar fondsmidlar, må det gjerast innsparing i drifta som gir minst like stor verknad dei neste to åra. Denne innsparinga kjem i tillegg til det som må gjerast for å «berga» 2015.

Rådmannen finn det såleis nødvendig å frysa all bruk av fondsmidlar inntil vidare. Dette betyr at einingsfond ikkje kan brukast til tiltak innfor dei ulike tenesteområda. Rådmannen har forståing for at dette kan opplevast urettvist for ein del leiarar, men alternativet med innsparing kan blir vel så krevjande.

For dei som har konkrete tankar om å nytta fondsmidlar til oppgraderingar eller større innkjøp, vil rådmannen vurdera nødvendige og godt grunngevrne tiltak som investeringar i samband med justering av budsjettet i juni. Men vi har svært knapp tid til dette, og dei som vil vera med i denne omgang, må senda søknad til rådmannen innan 18. mai. Neste høve for innmelding av investeringssaker vert ordinær budsjetthandsaming i haust.

Med venleg helsing

Sveinung Kvamme

Økonomisjef Radøy kommune

Tlf 5634 9040 Mobil 909 57 578

